

Uskedalen.no med påskequiz.

01.01.2017



Dyktige og premierte deltakarar i julequizen saman med Kristian Bringedal.

Uskedalen.no er veldig fornøgd med responsen på julekonkurransen slik at dei alt no har bestemt at dei vil følgja opp med ein liknande biletquiz i samband med påske. Første oppgåva vert lagt ut palmelaurdag med innleveringsfrist om kvelden palmesøndag. Deretter vert det daglege oppgåver til og med 1.påskedag.

Det er begrensa muligheter når det gjeld ein slik biletquiz i formatet som uskedalen.no brukar, men redaksjonen føler at dei no er komne fram til eit opplegg som fungerer bra. Tilbakemeldingane frå leserane er også svært gode. Derfor vil dei byggja vidare på leisten som vart brukt i julekonkurransen

- Vi er godt nøgd med måten julekonkurransen fungerte på, seier quizmaker Toddy som er ansvarleg, og han legg til at dei ønskjer innspel frå publikum slik at quizen kan utviklast vidare med dei hjelpemiddel som er til rådvelde.

- Ser de alt no noko som vil verta endra til påskequizen? spør vi.
 - Ja, premieringsreglane vil verta forenkla. Til no har vi hatt nokre kompliserte reglar med tendenstreking og anna som er vanskeleg både for oss og deltakarane å forstå. Ja, vi kunne nesten tru dei var laga av papirbyråkratar utan bakkekонтakt på eit kontor høgt i systemet langt inni Oslo, seier quizmakeren vel vitatande om at det er deira eigen redaksjonsekretær som er hjernen bak dei, og legg til at det heretter vert ein hovudpremie til den som har flest rette. Dersom fleire endar likt, vert det loddtrekning. Enkelt og greitt!!
 - I tillegg vonar vi på at Uskedal Utvikling vil bidra med ekstrapremiar som kan trekka ut blant dei som er flittige innsendarar. Truleg held vi fram med flaxlodd som premiar.

- Ein annan ting som vi kjem til å endra er innleveringsfristen. Den vert heretter kl.22 om kvelden. Ny oppgåve vert presentert ved midnatt som no, avsluttar quizmaker Toddy som no ser fram til å starta utvalg av bilde til bruk i årets påskequiz.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland